



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/9250-3

Norsk Sjøfuglsenter - endra organisasjonsform

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen skal vere medlem i foreininga Norsk Sjøfuglsenter.
2. Fylkeskommunen sine representantar til årsmøta i foreininga Norsk Sjøfuglsenter resten av fylkestingsperioden vert:
 Representant:
 Vararepresentant:
3. Fylkeskommunen sin medlem i styret i foreininga Norsk Sjøfuglsenter vert:
 Styremedlem:

Vedlegg:

- Framlegg til vedtekter

Andre relevante dokument i saka:

- E-post fra Stiftelsestilsynet til Norsk Sjøfuglsenter av 23.10.18
- Referat fra styremøte 15.11.18
- E-post fra avviklings-/interimsstyret av 20.11.18
- Innkalling til skipingsmøte

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter saman med Askvoll kommune, Værlandet vel, Stiftinga Alfhilds minne til Værlandet vel og Norsk Ornitologisk Foreining i 2011. Stiftinga sitt føremål var mellom anna å formidle kunnskap om – og skape forståing for – sjøfuglvernet lokalt og nasjonalt. Vidare skulle stiftinga vere eit knutepunkt mellom menneske og kystnatur, og stimulere berekraftig reiselivsutvikling.

Fylkesutvalet har tidlegare blitt orientert om at stiftinga har hatt store økonomiske utfordringar. Stiftinga har klart å unngå konkurs ved hjelp av dugnadsinnsats og tilskot frå m.a. fylkesmannen. Styret ønsker difor å drive arbeidet vidare som ein vanleg ideell organisasjon med mindre kostnad til rekneskap og revisjon, og dermed større motivasjon for å oppretthalde dagens tilbod gjennom dugnadsinnsats. For ytterlegare informasjon om stiftinga sine økonomiske utfordringar, og fordelane ved å gå over til ei anna organisasjonsform, syner fylkesrådmannen til FU-sak 6/18 med vedlegg.

Fylkesutvalet løvvde i sak 44/18 15 000 kr i støtte til arbeidet med avvikling av stiftinga. Stiftelsestilsynet har kome til at grunnlaget for oppheving av stiftinga er til stades. Verdiane som stod att i stiftinga skal overførast til den nye organisasjonen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det skal gjennomførast skipingsmøte for den nye organisasjonen – foreininga Norsk Sjøfuglsenter – 06.12.18. Foreininga skal vere ei frittståande, sjølveigande juridisk eining med medlemmer. At den er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga sin formue eller eigedom. Interimsstyret har lagt opp til at opprettarane av stiftinga også skal vere medlemmer i den nye organisasjonen, sjå vedlagde utkast til vedtekter. Medlemmene sine rettar og plikter går fram av utkastet:

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga. Medlemmene pliktar å rette seg etter vedtak fatta av årsmøte.

Som opprettar av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter har fylkeskommunen delteke på årsmøta i stiftinga, og valt medlem til styret i stiftinga. Av e-post frå avviklings-/interimsstyret om skipingsmøte for foreininga går det fram at dei ønskjer at organisasjonane – dvs. opprettarane – vert med vidare. Organisasjonsforma skal endrast grunna dei økonomiske utfordringane, men elles er tanken at Norsk Sjøfuglsenter skal halde fram arbeidet som før. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen skal vere medlem, og framleis delta på årsmøta og i styret.

Dersom fylkeskommunen skal vere medlem bør fylkesutvalet peike ut ein representant som kan møte på vegner av fylkeskommunen på årsmøta resten av fylkestningsperioden (2015-2019).

I utkastet til vedtekter er det lagt opp til at foreininga skal ha eit styre med 5-7 medlemmer, som skal setjast saman slik:

*Ein styremedlem utpeika av Askvoll kommune (vald for 4 år)
Ein styremedlem utpeika av Sogn og Fjordane fylkeskommune (vald for 4 år)
Ein styremedlem utpeika av Værlandet Vel (vald for 2 år)
Ein styremedlem utpeika av Norsk Ornitologisk Foreining (vald for 2 år)
1-3 styremedlemmer valt av årsmøte (vald for 2 år)*

Fylkesutvalet må difor også peike ut ein medlem til styret i foreininga. Andres Ryssdal har vore fylkeskommunen sin medlem i styret til stiftinga. Han ønskjer ikkje attval.

I innkallinga til skipingsmøtet presiserer avviklings-/interimsstyret at vedtektena er eit framlegg. Leiar i styret skriv vidare at «kvar enkelt organisasjon må gjere seg opp ei mening om korleis dei vil vere representert i organisasjonen, særleg i høve til plass i styret». Fylkesrådmannen ser ikkje behov for forslag om endringar frå fylkeskommunen.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen skal vere medlem i foreininga Norsk Sjøfuglsenter, og at fylkesutvalet peikar ut eigarrepresentant med vara til årsmøta, og ein medlem til styret.